


# Sprog i Norden

Titel: Høvet mellom nynorsk og bokmål i dag  
Forfatter: Kjell Venås  
Kilde: Sprog i Norden, 1981, s. 42-50  
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Dansk Sprognævn

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

# Høvet mellom nynorsk og bokmål i dag

Av Kjell Venås

Det oppgjevne emnet er "Flerspråkighet, språklagstiftning och språkutveckling". Ordet "flerspråkighet" i denne tittelen må ein lesa på bakgrunn av kunnskap om den norske språksituasjonen. Det er ikkje rimeleg å sjå på nynorsk og bokmål som ulike språk. Vi reknar med eitt norsk språk (eller "mål") fordi vi knyter språket til nasjonsomgrepet og til geografiske grenser. At flytande dialektovergangar ved grensene, som i Østfold : Bohuslän eller Trøndelag : Jämtland, kan by på problem for ein språkvitskapleg/sosiolingvistisk analyse, kan eg ikkje koma inn på her. Poenget er at nynorsk og bokmål berre er to ulike skriftlege kodifiseringar, med ulike historiske utgangspunkt. Ut frå det synet vil eg omtala dei som "målformer" eller "skriftmål".

Høvet mellom dei to skriftnormalane for norsk vart fastsett ved jamstellingsvedtaket i 1885. Dette vedtaket er ikkje ei lov, men ei plenumsavgjerd av Stortinget, laga som ei oppmoding frå Stortinget til Regjeringa:

Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.

I språkbruken her svarar "det norske Folkesprog" til "nynorsk" og "vort almindelige Skrift- og Bogsprog" til "bokmål".

Jamstellingsvedtaket fekk praktisk verknad fyrst i 1892, i den nye skulelova som kom då. Hovudinnhaldet i lovreglane om skulemål har stått ved lag frå 1892 til i dag. Vi finn dei att i lova om grunnskulen frå 1969 (med brigde av 1975). Fyrste leddet i § 40, "Målet i skolen", går på talemålet:

I den munnlege opplæringa kan elevane bruke det mål dei talar heime, og læraren skal i ordtilfang og uttrykksmåte ta omsyn til talemålet til elevane.

Prinsippet om at målføret åt elevane har fyrsterett som norm for munnleg målbruk i skulen går attende til 1878 og har til dels vore ordlagt endå sterkare enn i dag. Vidare seier § 40 at elevane skal lære å lesa baa skriftmåla, medan skulestyret fastset lærebokmål og skriftleg opplæringsmål for kvar krins. Ved skifte av opplæringsmål skal krinsen få seia si meinung, og dei nærare reglane for fråsegn frå krinsen er gjevne i § 31. Skulestyret er bunde til å følgje eit fleirtalsvedtak frå krinsen om minst 40 % av dei røysteføre har gått inn for det. Røystere rett har foreldre og forsyttarar av barn under 14 år. Røysting om målform skal haldast når minst 1/4 av dei røysteføre eller eit fleirtal i skulestyret krev det. Dei to siste åra i grunnskulen (i 8. og 9. klasse) skal elevane ha skriftleg opplæring i baa målformene, og dei vel målform sjølve.

Den høgare skulen fekk ny lov i 1896, og i den var det fastsett at elevane sjølve kunne velja mellom dei to skriftmåla. I 1902 fekk lærarskulen og i 1907 gymnaset reglar som fastsette skriftleg prøve i baa målformer. I den vidaregåande skulen, som gymnaset no har gått opp i, skil ein mellom hovudmål og sidemål, og på teoretiske liner skal elevane til eksamen skrive ein stil i kvar målform.

Den fyrste stortingstilrådinga på nynorsk kom i 1886, den fyrste lova vart gjeven i 1894 og det fyrste departementsrundskrivet sendt ut i 1915. For statsadministrasjonen fekk elles prinsippvedtaket frå 1885 ikkje praktiske verknader den fyrste tida. Men i 1920-åra gjorde mange kommunar og også somme fylkesting vedtak om at dei ville ha brev, kunngjeringar, skjema o.l. på nynorsk. På denne tida kom det også somme spreidde reglar om målbruk for delar av statsadministrasjonen. Desse opptaka førte fram til lov om målbruk i statstenesta av 1930. Ho fastsette at folk i embets- og statstenestepost fødde etter 1905 og med ei viss minimumsutdanning skulle ha skyldnad til å nytte både nynorsk og bokmål i tenesta. Denne stutte fullmaktslova vart utfyllt med føresegner av 1932, og dei vart noko justerte i 1947.

I 1966 vart det lagt fram ei "Innstilling om språksaken" frå ei nemnd som var sett ned i statsråd. Fleirtalet i nemnda ville ikkje gå inn for at det skulle lagast ei allmenn mållov, men heile nemnda peikte på at reglane om målbruk i statstenesta ikkje "etterleves i utpreget grad", noko dei meinte gav grunnlag for å arbeide ut ei ny lov. Ho er vedteken i 1980 og heiter "Lov om målbruk i offentleg teneste". Ordet "statstenesta" i lova frå 1930 er her bytt ut med "offentleg teneste". I § 1 blir det slege fast at

Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.

Dei nærare reglane i §§ 3—11 gjeld likevel berre statstenesta, og dei rettslege konsekvensane knyter seg einast til den. Ordet "likeverdig" er i denne samanhengen definert i ei stortingsmelding om språksaka frå 1968—69, der det er sagt at ein med dette ordet slår fast at "begge språkformer skal respekterast og odlast på like line". Dette er noko som følgjer av det synet at den språklege kulturarven i Noreg er noko som heile nasjonen er saman om, og at det vil vera ei vinning om nordmenn kan oppleve språksituasjonen vår meir som ein verdi — som ein ressurs — enn som ein historisk vanlagnad. Valet og tevlinga mellom to skriftmål og normfridommen innanfor målformene har gjeve nordmenn visse føremoner pedagogisk og sosiokulturelt. Det er også mogeleg at desse tilhøva har gjort oss meir språkleg vakne enn det som er vanleg i meir "normale" land. I eit nordisk forum kan det vera verdt å nemne dette også.

Mållova av 1980 er meir utførleg enn den av 1930. Til dels kjem det av at dei tidlegare føresegnene no er innarbeidde i lova. I § 4 er det fastsett at skyldnaden til å nytte både bokmål og nynorsk gjeld for dei som har eit embete eller ein statstenestepost der "skriftleg utforming er ein del av tenesta". Når nokon skriv til eit statsorgan, skal statsorganet svara i den målforma som skrivaren har brukt, og den einskilde har krav på å få løyve, faste formular o.l. i den målforma som han eller ho ynskjer. Kommunar og fylkeskommunar kan gjera krav på

ei viss målform i skriv frå statsorgan, eller dei kan seia seg språkleg nøytrale. Statsorgan som vender seg til heile landet med rundskriv, kunngjeringar, opplysningstilfang o.a., skal skifte mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei. Om det einstilte organet finn grunn til det, kan slikt tilfang gjevast ut på b e målformer. Skjema skal utferdast og vera tilgjengelege p  b e målformer. Einskildpersonar og spr korganisasjonar kan f re fram klage om lova blir broten.

Eit p bod i m llova som s rleg nynorskorganisasjonane har lagt mykje vekt p , er at Kongen annakvart  r skal leggje fram for Stortinget ei melding om m lbruk i offentleg teneste. Med denne meldeplikta er det tanken   f  ein kontrollinstans som gjer at statsorgana m  passe p  og ikkje lata det bli ei sovande lov. Somme ynskte at det skulle skipast ei ombodsmannsstilling til   vaka over lova, men dette vart ikkje etterkome. Tilsynet skal f lgje vanleg praksis i statstyringa elles. Orienteringa og f resegnene som tolkar og utfyller lova, kom i rundskriv 7. januar 1981. Det vart der teke omsyn til mange av merknadene som Norsk spr kr d hadde kome med.

Eit viktig offentleg organ som bruker b e m lformer, er Kringkastinga. Det finst retningsliner for m lbruk vedtekne av styret i Norsk rikskringkasting, men dei som no gjeld (fr  1973), seier ikkje noko om tilh vet mellom nynorsk og bokm l. Derimot finst det fr  1970 eit p legg fr  Stortinget til NRK, vedteke av eit fleirtal i kyrkje- og skulenemnda, om at minst 25 % av sendingane skal vera p  nynorsk. Dette p legget gjeld ogs  tv-tekster. Prosentsetningen 25 bygde m.a. p  val av skulem l, men andre omsyn m  og ha talt med, s leis omsynet til kva ein veit om den r ynlege talem lssituasjonen i landet, at dialektane st r sterkt, og at nynorsk st r meir n r dialektane enn prosenttalet for val av skulem l (i 1970: 17,9) synest   fortelja.

## 2.

N r eg skal seia noko om korleis vedtak og f resegner om m lbruk verkar i praksis, er det kanskje like godt   halde

fram med kringkastinga. Det blir ført statistikk over fordelinga mellom målformene, men teljingane har til dels synt avvik etter som dei er førte av kringkastinga sjølv eller av språklege interesseorganisasjonar. Ein grunn til avvika kan vera at det ikkje alltid er lett å avgjera kvar innslag med dialektale drag høyrer heime. Jmført med i andre land er det mykje av dialektbruk i norsk kringkasting. Elles er det ikkje sjeldan reaksjonar på målbruken i kringkastinga av privatfolk ut frå det dei meiner å høyre der. I avisene ser ein ofte lesarinnlegg som fortel at det er om lag berre nynorsk i kringkastinga. På tilsvarende måte var det i tidlegare tider mange som meinte at kringkastinga sende om lag berre hardingfelemusikk. Frå den andre sida er det klage over at språkmønster frå Oslo vest dominerer. Særleg gjennom tv verkar dei inn på språket hjå dei som veks opp, og det blir hevda at barn mange stader i landet no kan bruke denne bykoden ved sida av heimemålet sitt. Etter den statistikken over målbruk som kringkastinga fører, har ingen av dei vanlege avdelingane ved den sentrale kringkastinga enno nått 25 % nynorsk, og nokre avdelingar ligg svært langt under dette nivået, såleis underhaldingsavdelinga i fjernsynet med 7,1 % og utanriksavdelinga i radio med 4,7 % (tal for 1979).

Lova om målbruk i offentleg teneste er så ny at det ikkje er råd å seia noko om korleis ho vil verke. Det vi kan seia, er at røynslene frå den førre ikkje lovar godt. Nemnda som sa at reglane ikkje "etterlevs i utpreget grad", ordla seg varsamt. Det nye som ein mest kan setja voner til ved denne lova, er rapportplikta.

Nynorskbrukarane fekk aldri fullt ut innfritt dei lovnadene som lov om målbruk i statstenesta av 1930 gav dei. I så måte var det ingen skilnad i høve til brukarar av verkelege minoritetsmål i andre samfunn. Vi har ferske vitnemål om stoda på dette feltet frå tilfang som Norsk språkråd har fått inn til arbeidet sitt dei to siste åra. Heimelen for at rådet skal ta seg av slike saker, er gjeven i § 1 a i lova om Norsk språkråd, der det heiter at rådet "skal ... verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket". Det kjem jamleg inn meldingar om at lova blir broten, og sakene gjeld vel

utan unntak krenking av rettane åt nynorskbrukarar. Sakene blir tekne opp av einskildpersonar og målorganisasjonar. Organisasjonane sukkar gjerne over at dei bruker både krefter og pengar frå friviljuge gåver til å vakte over slikt som Staten sjølv burde føre tilsyn med.

Sekretariatet i Språkrådet har laga eit notat med oversyn over måljamstillingssaker mellom 1977 og -79. Notatet er på 76 sider og er delt i fire bolkar. Den fyrste og lengste bolken gjeld måljamstilling i Staten. Her får ein vita korleis det er med målbruken i rundskriv, i tilfang til bruk i skulane, i Forsvaret (der nynorsk har særleg mykje bruk for forsvar), korleis det er med målforma på vegskilt og på sorenskrivarkontor for å nemne nokre døme.

Den andre bolken i notatet er om læremiddelsaka. Skorten på nynorske læremiddel rører ved sjølve fundamentet for at målet kan koma i bruk etter føresetnadene. Det er fastsett i lovene for grunnskulen og den vidaregåande skulen at lærebokverk i andre fag enn norsk skal koma ut til same tid og til same pris på bokmål og nynorsk. Lærebøker skal godkjennast av departementet. Det har vist seg vanskeleg å føre tilsyn med kravet om at lærebøker skal koma samstundes i bae målformer. Grunnen er m.a. at omgrepet 'lærebok' ikkje er heilt eintydig i dag då flaumen av alle slags læremiddel er veldig, og då det jamleg kjem nye fag og disiplinær. Nynorskorganisasjonane har derfor gjennom heile 1970-talet hatt læremiddelsaka øvst på programmet sitt.

Kapittel 3 er om målval og måljamstilling i skulen. Lat meg illustrere emneområdet med å nemne ei særskild sak. På ein tettstad i Nord-Noreg, der opplæringsmålet er bokmål, bad nokre foreldre om nynorsk parallellklasse for barna sine. Etter lova har dei høve til det når det blir minst 10 elevar i klassa. Etter det fyrste skuleåret førte skulestyret denne klassa over til ein annan skule i same krinsen, som har anna "inntaksområde" for elevane sine. Opplæringsmålet i denne skulen var nynorsk, men han ligg 2,5 km unna og ville føre elevane ut av det tilvande miljøet deira. Naturleg nok gjorde dette vedtaket at somme foreldre let barna sine halde fram på den gamle skulen med bokmål som opplæringsmål. Protestar mot

klasseoppløysinga vart førte fram både for skulestyret og departementet, og saka vart emne for ein interpellasjonsdebatt i Stortinget, men vedtaket vart ikkje gjort om.

Den fjerde delen av notatet om måljamstelling gjeld tilhøvet mellom dei to skriftmåla i lærarskulen.

### 3.

Når ein skal sjå på korleis vedtak og føresegner om målbruk påverkar språkvokstere, kan ein gjerne halde fram med skulestellet og nemne val av opplæringsmål i grunnskulen. Dette har alltid vore kjernepunktet for tilhøvet mellom bokmål og nynorsk i samfunnslivet. Høvet til å velja nynorsk som skulemål var føresetnaden for at målet kunne få noko rom og kunne stette oppgåvene åt eit riksspråk, og det er dette som gjev grunnlaget for all jamstelling mellom målformene. At bruken av nynorsk i skulen også er grunnlaget for nynorsk som litteraturmål, gav Kjartan Fløgstad eit handfast vitnemål om då han gav pengane han fekk saman med litteraturprisen frå Nordisk råd, til Noregs mållag for at dei skulle bli brukte i arbeidet for nynorsk skulemål. Han grunn gav dette med at det var nynorsk som hadde gjort det mogeleg for han å vinne fram som forfattar.

Som nemnt skal elevane lære å skrive bae målformer i 8. og 9. klasse av grunnskulen og på dei linene i den vidaregåande skulen som svarar til det gamle gymnaset. Dette kravet om opplæring er føresetnaden for kravet om bruk av bae målformer i offentleg teneste. Kravet om at bae skriftmåla skal brukast, fører med seg at også nynorsk, som blir brukt minst, i alle høve blir brukt så mykje at alle nokolunde vakne folk er klare over at målet eksisterer. Også bruken av nynorsk i kringkastinga står opp under denne målforma i den allmenne opinionen, ja, kanskje meir enn noko anna. Sidan pålegget om ein viss prosentdel av nynorsk i alle høve er med og fremjar bruken av målet i kringkastinga, er det viktig for jamstillinga av nynorsk og bokmål.

Når nå eingong dei to norske skriftmåla finst jamsides og er



så like som dei trass alter, seier det seg sjølv at dei kjem til å verke på einannan. Påverknaden på nynorsk frå bokmål er overveldande når det gjeld ordbruk og fraseologi, og dette har jamleg vore eit problem for sjølvstendet åt nynorsken. Men påverknaden den andre vegen er også tydeleg. I historisk langsyn har han vore avgjerande viktig for framvoksteren av bokmålet. Både i det førre og i dette hundreåret har nynorsk vore den viktigaste grunnen til at bokmålet hadde bruk for eit heimleg alibi. Fornorskinga av bokmålet byggjer i stor mon på at nynorsk fanst som eit alternativ.

Ved arbeidet med språkrøkt og språkvern ser ein alltid nynorsk og bokmål saman. Det er såleis sjølv sagt at nyord blir normerte samstundes for nynorsk og bokmål, og at ein normerer likt der det ikkje gjer vald på særhåttan åt noka av målformene. Slik normering er ei viktig arbeidsoppgåve for Norsk språkråd.

Det praktiske normeringssamarbeidet mellom nynorsk og bokmål går attende i minsto til 1908, då det vart sett ned ei nemnd som hadde tilnærming mellom skriftmåla som arbeidsoppgåve. I nokon mon hadde dei dette i tankane også på slutten av førre hundreåret. Ideen om tilnærming ved medvitne tiltak fekk ei eiga nemning i slagordet "sammorsk", som somme har sett på som eit ideal, andre som det verste dei visste. Denne tilnærmingstanken vart også røyndleg og praktisk språkpolitikk, manifestert i dei to rettskrivingsbrigda i 1917 og framfor alt 1938. Tanken stod sterkt i 1930-åra, men vart etter krigen ei tung bær for Arbeidarpartiet, som sat med regjeringsmakta. Slagordet "tilnærming på norsk folkemåls grunn" sprang ut av trettiåra, men vart fyrst etter mykje strid med i arbeidsprogrammet for Norsk språknemnd, som verka mellom 1952 og 1972. Det var særleg normeringa av bokmålet og tilnærminga til nynorsken som valda strid. Den fyrste verknaden av motstanden mot offisiell språkpolitikk var at bokmålet ikkje gjekk vidare på tilnærmingssvegen då rettskrivinga vart justert saman med utarbeidinga av ein læreboknormal på femtitalet. Den andre verknaden var at regjeringa nemnde opp den komiteen som midt på sekstitalet hadde til oppgåve å vurdere heile språksituasjonen i Noreg. Ei følge av arbeidet

åt denne komiteen var at Norsk språkråd i 1972 kom i staden for Norsk språknemnd.

Norsk språkråd gjorde alt i fyrste arbeidsmøtet sitt opptak til å "liberalisere" skulerettskrivinga for bokmål, dvs. gje rom for konservative former. Seinare har bokmålsseksjonen etter mykje usemje og strid også rådt til å opne læreboknormalen for former som ikkje har funnest i lærebøker sidan 1938. I diskusjonen om dette har det likevel kome fram at det er mange bokmålsfolk som gjerne ville at bokmålet skulle halde fram i den stemneleia det har hatt gjennom det meste av dette hundreåret, dvs. til møtes med nynorsken. Denne tilnæringspolitikken er med som nissen på flyttelasset også i Norsk språkråd. Rådet skal etter § 1 a "verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer". Men i § 1 er det også eit ledd b, der det er fastsett at rådet skal stø opp om "utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærme saman". I diskusjonen som gjekk føre tilrådinga om å opne læreboknormalen for meir konservative former, la dei to fraksjonane i bokmålsseksjonen ulik vekt på dei to fyrste ledda i føremålsparagrafen og fann stønad for synet sitt anten i ledd a eller ledd b. Så ein skjønar at diskusjonen om dette går vidare. Det er enno rikeleg grunnlag for måldebatt og språkpolitikk i Noreg.

### Tilvisingar

Nokre viktige kjeldeskrifter er *Innstilling om språksaken* fra Komiteen til å vurdere språksituasjonen m.v. oppnevnt ved kongelig resolusjon 31. januar 1964 (Kirke- og undervisningsdepartementet 1966), *Odelstingsproposisjon nr. 52* (1978—79): Lov om målbruk i offentleg teneste (Kyrkje- og undervisningsdepartementet), *Måljamstillingssaker som har kome til Norsk språkråd 1.9.77—31.12.79* (Norsk språkråd, Drammensvn. 158, Oslo 2), Olaf Almendingen og Åsmund Lien: *Striden for nynorsk bruksmål*, Oslo 1978, *Melding om verksemda i Norsk rikskringkasting i 1979*.